

SFO år på Bygstad skule, skuleåret 20-21

Denne informasjonen går ut til 0.-3. klasse

Tida er no inne for å søke om SFO plass for skuleåret 20-21. Det er ein del endringar frå tidlegare, både med omsyn til storleik på plass, pris og moglegheit for å dele plassen i ulike økter. Fristen for å søke SFO plass er 1. april.

Her søker du om SFO-plass (alle som vil gå på SFO frå hausten -20 må søke, uavhengig om du har plass til ditt barn skuleåret 19-20 eller ikkje).

sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/sfo-skulefritidsordning/

SFO - skulefritidsordning

Skulefritidsordninga (SFO) er eit tilbod for barn i 1.-4. klasse, og for barn med særskilde behov i 5. -7. klasse før og etter skuletid.

Slik søker du

Du søker via Visma Flyt Skule om SFO-plass. Skjema vert opna for påmelding frå 12.mars 2020.

→ [Søk om SFO-plass](#)



Dei ulike tilboda og pris ligg også på sunnfjord.kommune.no:

sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/sfo-skulefritidsordning/

Type plass	Prisar haustsemester 2020
A heil plass inkludert ferie	3124,-
B heil plass utan ferie	2804,-
C inntil 20 timar	2405,-
D inntil 10 timar	1950
E inntil 5 timar	vert oppdatert
Kjøp av heil dag	299,-
Kjøp av halv dag	273,-
Kjøp av veke i skuleferiar og sommarferie	1491,-
Kjøp av Sommar SFO	3749,-
Gebyr for seint henta barn	350,-

Som de ser er ikkje prisen for E tilbodet på inntil 5 t/v fastsett enno. Dette kjem i VISMA og på heimesida til Sunnfjord kommune så fort det er fatta vedtak.

På heimesida (<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/skule/skular-i-sunnfjord-kommune/bygstad-skule/sfo-bygstad-skule/>)

Økter på SFO

Det er no bestemt at morgon og ettermiddag skal delast i økter.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Økt 1: 7.00-8.00					
Økt 2: 8.00-9.00					
SKULE			Økt 5: 11.45-14.40 Økt 6: 10.00-14.40 (Dei som går kvar onsdag, rekna vi frå 10.00-14.40, sidan det er skule frå 9.00-11.45 tredje kvar onsdag)		
Økt 3: 14.40-15.30					
Økt 4: 15.30-16.30					

Økt 1 tel 1 time

Økt 2 tel 1 time

Økt 3 tel 1 time

Økt 4 tel 1 time

Økt 5 tel 3 timar

Økt 6 tel 5 timar

Døme: Eg ynskjer at barnet mitt skal gå på SFO inntil 10 timar i veka. Eg vel då tilbod D i Visma. Eg vil at barnet mitt skal gå på SFO frå kl 8 måndag (1 t), frå kl 7 tysdag (2 t), frå 11.45-14.40 på onsdagar (3 t) + 14.40-16.30 (2 t) og frå 14.40-15.30 på torsdagar (1 t). Dvs tilsaman 10 timar.

Etter at du har søkt om SFO plass til barnet ditt vil du få tilsendt eit skjema i VISMA der du kryssar ut når du ynskjer å bruke plassen (slik eg har forklart i dømet over).

Lov og vedtekter som gjeld SFO finn de på sunnfjord.kommune.no:

sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/sfo-skulefritidsordning/

Lov og vedtekter som gjeld SFO

- [Kommunale vedtekter for SFO i Sunnfjord kommune \(PDF, 140 kB\)](#)
- [Opplæringslova](#) [☞](#)

Har du spørsmål eller lurer på noko, så ta kontakt.

Mvh

Jorunn Mundal Solheim

Kontor/ SFO

Bygstad skule

Administrasjon: 57718603

Mobil: 95 24 87 16

Jorunn.mundal.solheim@sunnfjord.kommune.no